

Sakspapir

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
021/23	Formannskapet	PS	23.02.2023
021/23	Kommunestyret	PS	13.04.2023

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Atle Vaage		23/194

Rullering av handlingsprogram, kommunedelplan for vann og avløp

Framlegg til vedtak:

Handlingsprogrammet i kommunedelplan for vann og avløp vert rullert innan utgangen av kommunestyreperioden. Kostnad med rulleringa vert finansiert over det ordinære driftsbudsjett.

Formannskapet - 021/23 - 23.02.2023

FS - behandling:

Einingsleiar teknisk drift, Atle Vaage, orienterte om saka, jamfør saksutgreiinga.

- Ønskjer å rullera handlingsplanen heller enn å laga ny VA-plan. Laga ei liste med prioriteringar, som vert politisk vedtaka.
- Kan ta inn vatn til Førland utan å laga ny VA-plan.

Handsaming i formannskapet:

Kommunedirektøren sitt framlegg vart samrøystes vedteke

FS - vedtak:

Handlingsprogrammet i kommunedelplan for vann og avløp vert rullert innan utgangen av kommunestyreperioden. Kostnad med rulleringa vert finansiert over det ordinære driftsbudsjett.

Kommunestyret - 021/23 - 13.04.2023

KS - behandling:

Einingsleiar Atle Vaage orienterte om saka, jamfør saksutgreiinga.

Handsaming i kommunestyret:

Kommunedirektøren sitt framlegg vart samrøystes vedteke

KS - vedtak:

Handlingsprogrammet i kommunedelplan for vann og avløp vert rullert innan utgangen av kommunestyreperioden. Kostnad med rulleringa vert finansiert over det ordinære driftsbudsjett.

Saksopplysninger:

Vurdering

Det står framleis att ei rekkje prosjekt i det eksisterande handlingsprogrammet som ikkje er starta opp. Total kostnad for prosjekta som ikkje er utført, vil overstiga dei midlane som er løyvd i 2022 og 23, samt forventa løyving dei næraste to åra. Ny kommunedelplan for vann og avløp er ikkje med i det vedtekne planstrategien for åra 2020-24.

Folkehelse

Sikker tilgang på reint vatn er eit av dei viktigaste momenta for folkehelse. Å ha eit oppdatert handlingsprogram i VA-planen er såleis eit viktig tiltak for å sikra god folkehelse i Austrheim.

Miljø

Utarbeiding av ny handlingsplan er ikkje vurdert å medføra vesentlege negative miljøkonsekvensar.

Økonomi

Ein planprosess for ny kommunedelplan er omfattande, og medfører betydelege kostnader. Å rullera handlingsprogrammet krev langt mindre resursar. Utarbeiding av framlegg til rullert handlingsplan kan gjerast av administrasjonen utan kostnad utover ordinære lønnskostnader. Det vil derimot vera behov for å nytta eksterne rådgjevarar for å utarbeida oppdaterte kostnadsoverslag for dei prosjekta som ikkje er utført. Dette arbeidet kan finansierast av drift via rammeavtale for VA-konsulent. Arbeidet med å rullera handlingsprogrammet vil såleis ikkje ha vesentlege økonomiske konsekvensar

for kommunen.

Konklusjon

Det står framleis att omfattande arbeid i gjeldande kommunedelplan for vann og avløp. Planen er vedteken for åra 2017-2027. Politisk vedtak om å oppdatera handlingsprogrammet, kan oppfyllast ved å rullera berre sjølve handlingsprogrammet. Ut frå dette rår kommunedirektøren kommunestyret til at arbeidet med fullstendig, ny kommunedelplan ikkje vert starta før mot slutten av gjeldande planperiode, og at kommunestyret i denne omgang vedtar rulling av berre handlingsprogrammet i planen.